

Øy Nytt

Kyrkjeblad for Øygarden



**Innsamlingsaksjonen
dette året går av stabelen 27. november**

Les meir på siste side.

I dette nummeret kan du m.a. lesa:

- Diakonitenesta i Øygarden
- Kunngjering om soknemøte
- Barne- og ungdomssider
- Ny gravplass i Hjelme

- Side 4
- Side 7
- Side 8 og 9
- Side 10



Foto: Ingrid Blom



Foto: Hogne Berland



Framfor Helgemesse:

Mellom tvilen og trua Når vi ikkje klarar å tru på Gud



Den 26. august 1910 vart Gonxha Agnes Bojaxhii fødd i Skopje, Makedonia. Ho er kjend over heile verda som Mor Teresa.

Då ho var 12 år gammal fekk ho eit kall til å hjelpe fattige, og som 18-åring tok ho ei alvorleg avgjerd: Ho ville bli nonne, noko som vart ein realitet i Calcutta 1937.

Fattigdomen i India gjorde eit sterkt inntrykk på henne, og i september 1946 fekk ho eit «kall i kallet» til å «tena Gud mellom dei fattigaste av dei fattige».

På ein togtur same året fekk ho nemleg ei sterk Kristusopenberring. Lengselen etter å «metta Jesu tørst» etter kjærleik og å vinna sjeler vart drivkrafta i livet hennar. Ho vitnar óg at Herren ba henne: «Kom og vér mitt lys, eg kan ikkje gå alleine».

Dette kallet vart bakgrunnen for Mor Teresa sin velkjende nonneorden «Nestekjærleikens misjonærar». 4000 systre er kledd i den velkjende ordensdrakten: Ein kvit sari med blå kant og med ein einskild kross på venstre skulder. Dei har oppretta ei rekkje sjukehus, skular og barneheimar.

Men utgjevne brev fortel om mogleg ei større soge om Mor Teresa, som døydde i september 1997. Dei vitnar om stor tvil og ei kjensle av at ho var forlatt av Gud.

Rett etter at ho fekk kallet til å arbeida mellom dei aller fattigaste i slummen vart ho plaga av ei kjensle av at Gud hadde forlate henne. Ho kjende på einsemd og tvil – ja, at Gud hadde slutta å snakka til henne!

Vi har ei rekkje sterke utsegner etter henne som seier korleis det stod til:

- «Slik ein djup lengsel etter Gud og likevel utstøtt – tom – inga tru – ingen kjærleik – ingen iver.»
- «Be for meg slik at eg ikkje øydeleggjer arbeidet Hans – for det er eit forferdeleg mørke i meg.»

Den sterke tvilen og einsemda førte til at Teresa kjente seg delt innvendig. Kanskje vi kjenner oss att i hennar tvil?

I samband med Helgemessesundagen i år vil eg difor seia til deg i dag at tvil ikkje er ukjend i vår kristne tru. Apostelen Thomas vert óg kalla «Thomas tvilaren», utan at statusen hans som Jesu læresvein og apostel vert svekka. Snarare tvert imot!

Lenge før ser vi i ein av Asaf-salmene i det GT at salmisten tek til med trua, men held fram med tvilen:

*Eg ropar til Gud,
ja, eg ropar til Gud, og han høyrer meg.
Den dagen eg er i naud, søker eg Herren.
Om natta retter eg ut mi hand,
og ho trøytnar ikkje.
Mi sjel lét seg ikkje trøysta.
Eg tenkjer på Gud og sukkar;
eg gruvelar og kjenner meg kraftlaus.
Heile natta held du meg vaken;
eg er så uroleg, eg kan ikkje tala.
Eg tenkjer på gamle dagar
og minnест framfarne år.
Om natta strevar eg med tankar,
eg gruvelar, mi ånd granskar.
Vil Herren støyta oss bort for alltid
og aldri visa sin godvilje meir?
Er hans truskap for evig slutt,
har ordet hans stilna for alle ætter?
Kan Gud ha gløynt å vera nådig,
er han vred og held att si miskunn?
Eg seier: «Det piner meg
at Den Høgste har drege til seg si hand.»*

(Sal.77,2-11)

Det er godt at slike ord står i Bibelen! Og det er viktig at me er opne og ærlege, og kan vedkjenna for kvarandre at tvil på at Gud er til og Hans kjærleik er noko som

kan koma inn i våre liv.



No er sjølvsagt ikkje Mor Teresa sitt vitnemål heile sanninga om korleis kristenlivet kan vera.

Men det er ikkje det minste rart om den som står førstelina overfor den forferdelege nauda i slummen i ein indisk storby og tek den inn over seg kan kjenna det slik at trua på Gud sviktar. For kor er Gud i alt det vonde i verda?

For min del har eg ikkje late dykk i tvil om at eg sjølv gjennom ára har vore inne på liknande tankebaner som Mor Teresa, når eg (som óg i mitt kall er sett i førstelina) i mitt kjære prestegjeld har møtt mange pårørande si sorg og sakn. Alle som er hjelparar «på golvet» veit om dette. For vi overfører det vi ser i felten på oss sjølv og våre nærmeste.

Desse orda til trøyst. For mange av dykk har mist nokon som står dykk nær, eller står nær nokon som har mist ein kjær person. Og siste året har det vore uvanleg mange mellom oss som har kome i denne situasjonen.



Lett er det å tenkje, og mange spør: Kor er Gud i alt det triste som hender.

På Helgemessesundagen (Alle Helgens Dag) er det fint å tenkja på den samanhengen vi får lov å stå i-i Kyrkja. Kyrkja som Kristi lekam. Heilt attende til apostlane og profetane, ja, til Jesus sjølv.

Hebreerbrevet 12 seier:

«Difor, når vi har så stor ei sky av vitne kring oss, så lat oss leggja av alt som tyngjer, og synda som heng så fast ved oss, og halda ut i det løpet som ligg framfor oss, med blikket fest på Jesus, trua sin opphavsmann og fullendar....Ja, tenk på han...så de ikkje trøytnar og blir motlause.» (Hebr.12,1-3)

Kjære ven!

Godt mot! For:

«Jesus, trua sin opphavsmann og fullendar», har sigra over døden!

Fr.Svenn
sokneprest@kyrkja.net



Frist for stoff til nr 6/12 er 21. nov.

MIN SALME

av Ole Andreas Wastvedt



Ta mine hender

Ta mine hender, å Herre, eg bed deg:
La dei få tene deg her.
La meg ein arbeidsmann bli i din vingard,
Herre, om dette eg ber.
Kor:
Din vil eg bli heile mi tid.
Tena deg trutt til min dag er forbi.
Ta mine lepper og la dei forkynne
Livsens det sørreste bud.
La dei få tala til fredlause hjarte,
Tala om freden i Gud.

Ta du mitt hjarte, min Frelsarmann dyre.
Heilt skal det no vera ditt!
Heile min livsveg skal du stå for styret,
No vil eg fylgja deg fritt!

Tekst: G. Strandsjø – Melodi: S. Rydland (1974)
Sangboken nr 549



Denne sangen er en bønn til Jesus om å få være hans disippel og tjener. Jeg oppdaget den i min tid som Finnmarksarbeider for NLM, en gang da jeg satt og forberedte meg til et kveldsmøte på Betania i Hammerfest. Jeg hadde god tid alene på et stort bedehus, og jeg satt og klunket på gitaren og bladde i Melodiboken. Sangen traff meg, og den har siden hatt en spesiell plass i mitt hjerte. Seinere har også jeg og kona mi Anette fått sunget denne sangen sammen ved flere anledninger, seinest på Sang og Musikk-kvelden som Kystradioen arrangerte i Blomvåg Kyrkje - onsdag 3. oktober.

Jesus! Ta mine hender og la dem få tjene deg! Ta mine lepper og la dem forkynne ditt evangelium! Ta du mitt hjarte, min Frelser! Helt skal det nå være ditt. Du skal styre i mitt liv, og jeg vil følge deg! Dette er blitt min bønn og mitt kall.

Til neste ØyNytt utfordrer jeg Turid Toft Amenza.

Tilbod til liten og stor i Øygarden

Øygardskoret

Syng alt frå kyrkjemusikk til viser.
Øver kvar tysdag i Hjelme kyrkje kl. 19.30–21.30.
Kontaktperson: Anne Lise Grøm (918 81 208)

Barnekantoriet

2.–4. klasse øver kvar fredag på Alvheim skule
frå 13.45 til 14.20.
5.–7. klasse øver kvar tysdag i Hjelme kyrkje
frå 13.15 til 14.00.
Kontaktperson: Anne Lise Grøm (918 81 208)

Gospel Teens

Gospelkor for deg mellom 10 og 18 år. Øver annankvar
tysdag i Blomvåg kyrkje frå 17.30 til 19.30.
Kontaktperson: Olaug Rong (971 94 484)

Ichty's

Ungdomsklubb på Vik bedehus for ungdom frå 8. klasse.
Andakt, lovesong, kafé og underholdning. Annankvar
lørdag i partalsveker frå kl. 20.30 til 23-00.
Kontaktperson: Ingrid Blom (959 19 506)

Plussklubben

Klubb for 5.–8. klasse for heile Øygarden.
Samlast ein onsdag i månaden på Oen bedehus frå
kl. 19.00 til 21.00. Lappar vert levert ut på skulane.
Kontaktperson: Linn Andersen (992 43 379)

KRIK

Idrett og andakt. Toftøy skule kvar fredag
frå kl. 19.00 til 21.00.
Kontaktperson:
Martin Jonas Hellesund Nakken (926 46 561)

KRIK 18+ (Nytt tilbod!)

Idrett og andakt for deg over 18!
På Kulturhuset annankvar torsdag frå kl. 20.00 og utover.
Kontaktperson: Therese Dale (464 50 862)

Eldretreff på Tednebakkane

Ein torsdag i månaden i kantina på
Tednebakkane frå kl. 16.30.
Kontaktperson: Bjørg Blom (478 16 181)

Eldretreff i Hjelme kyrkje

Ein onsdag i månaden i kyrkja frå kl. 16.45.
Kontaktperson: Bjarne Skjold (481 44 284)



DIAKONITENESTA I ØYGARDEN

v/diakonimedarbeidar Bjørg Blom



Ein ny haust er igong, og med den nye dagar, nye oppgåver og utfordringar, sorger og gleder.

Slik er det vel for oss alle.

Kommunen sin logo er alle øyane, med bruer imellom. Du og eg skal og få vera brubyggjarar mellom kvarandre. Det er det motsette av å skapa «gjerder» og stengsler mellom oss. Alle kan vera med å skapa gode relasjonar i familie, nabolog og nærmiljø. Jesus har gitt oss eit bod som er større enn alle andre; at me skal elska nesten vår som oss sjølv. Jesus tala mykje om nestekjærleik; det å ta oss av kvarandre, hjelpa kvarandre, ha omsorg for dei som har det vanskeleg osb. I Galatarbrevet k.6,v.2 står det slik: «Ber børene for kvarandre, og oppfyll på den måten Kristi lov». Dette er DIAKONI ! Den barmhjertige samaritanen hadde sett det, at alle har like stor verdi som menneske, fordi me er skapte av Gud, i Hans bilete.

Kva kan så kyrkja i Øygarden tilby gjennom diakoniarbeidet?

Besøksteneste

Besøkstenesta er kanskje det viktigaste arbeidet her. Det at menneske kan få besøk i heimen når dei treng det. Det kan vera deg som sit mykje åleine og treng nokon å snakka med, eller sjukdom, alderdom etc hindrar deg å koma

til kyrkje og bedehus, slik du kanskje hadde for vane før. Kanskje ynskjer du forbøn, nattverd, eller at nokon les frå Guds Ord for deg.

Mange slit med sorg, sakn og tunge tankar etter nokon kjære som har gått bort. I mange høve er det godt å ha nokon å snakka med, som har tid å lytta. Me treng alle nokon som bryr seg! Ta kontakt med kyrkjekontoret el. diakonimedarbeider om du ynskjer besøk!

Du kan og få besøk av presten, om du ynskjer det.

Eldretreff

– i Hjelme sokn (Hjelme kyrkje) og Blomvåg sokn (Tednebakkane). Dette er eit tilbod til alle pensjonistar. Her prøver me å ha eit variert program, som oftaast med innbedne gjestar, som deltek med andakt, song og anna program Kvart år i juni har me ein felles busstur til ein eller annan stad i fylket, då som dagstur.

Felles tilbod for alle i Prostiet, (dvs.Fjell, Sund, Askøy og Øygarden): Prostiet har eit felles diakoniutvalg som arbeider med å gje tilbod på tvers av kommunegrensene. Pr. i dag gjeld dette:

1. Sorggrupper. Dette er samtalegrupper for etterlatte, der ein møtest i uformell samtale om opplevelingar og tankar ein har etter den ein har mista. Der prøver me å få til ulike grupper, etter kva tap ein har hatt.

2. Prepgrupper. Dette er samlivskurs for par, unge el. gamle, el. midt imellom! Det tek for seg kommunikasjonen i parforholdet, og korleis gjera den betre! No inviterer me alle som

giftar seg til kurset. Men det er ope for alle interesserte!

3. Bruddgrupper. Mange idag opplever samlivsbrot, noko som kan gjera livet vanskeleg både for dei vaksne og borna. «Sorgen som det ikke gis blomster til», er eit ordtak i denne samanheng. Kurset kan vera ei god hjelp til å få leggja ting bak seg, og koma vidare med livet sitt. Alle desse kursa startar opp i.l.a. hausten, så ta kontakt med kyrkjekontoret el. diakonimedarbeidaren om du er interessert.

4. Temakveldar. I prostiet arrangerer me av og til temakveldar, som er opne for alle. I haust blir det ein slik mand. 29. okt , kl.19.00 i Fjell kyrkje. Dag Rakli vil snakka om sorg og tankar omkring dette.

Frivillige

Kyrkja har ei flott gruppe med frivillige menneske som gjer ein flott innsats i ulike samanhengar. Dei er medhjelparar i gudstenestene, arrangerer eldretreffa, eller er med i bsøkstenesta. Desse kvinner og menn vil me retta ei stor takk til, for innsatsen dei gjer! Det er til stor nytte og glede for oss alle!

Helsar med Kolossarbrevet,k. 3, v. 17:
«Og alt de gjer, i ord eller gjerning, gjer det alt i Herren Jesu namn, med takk til Gud Fader ved han!»

Misjonsfest i Blomvåg Kyrkje



Lørdag 3. november kl. 16.30

Nordhordlands-koret vert med.
Tale ved Hans Aage Gravaas,
rektor ved Fjellhaug Internasjonale
Høgskule

Kaffi og kaker vert servert ved småbord i kyrkja.

Misjonoffer

Alle velkommen!





50-årskonfirmanter Hjelme Gamle kyrkje 26. august 2012

Namn: frå venstre; Vilhelm Randolv Overå, Alma Marie Gjervik, Marit Jorunn Myhre, Liv Margrethe Vik, Olaug Marie Hellesund, Egil Asbjørn Sæle

Etter gudstenesta vanka det god middag for jubilantane med følgje på Skjergardsheimen, leirplassen vår i nordre Øygarden.

Foto: Råmund Skjold



Trufaste misjonskvinner frå Vik



Bak frå v: Ragnhild Martinussen, Målfrid Solsvik, Kjellaug Vik, Tone

Cecilie Vik, Oddbjørg Vik.

Framme frå v: Oddbjørg Vik, Borghild Landro, Sigrid Torsvik

Vik kvinneforening for NLM, hadde si årlege misjonsmesse i august. Kr 85 000 kunne sendast til misjonen.

Vik kvinneforening har eksistert i 110 år, og har kvart år hatt basar og misjonsmesser. Det har ført til store gavebeløp til misjonskassa.

Vi gratulerer med trufast teneste!



«Øygarden i bilet» - skanning av bilder

Tekst/Foto: Øygarden Media

Nå er endelig Øygarden Sogelag og Øygarden biblioteks satsing «Øygarden i bilet» i gang. Ved få tastetrykk kan du snart få ny, historisk kunnskap om ditt nærmiljø. I en nett-basert bildedatabase vil du kunne bla deg i gjennom bilder knyttet til Øygarden. Allerede lørdag 20.oktober, kl.11–16 kan du komme med bilder til sogelagets stand på Rong Senter, for skanning og registrering.

Den enkelte innbygger i Øygarden er viktig i dette innsamlingsarbeidet, fordi de har god tilgang til lokale bilder, og ofte detaljkunnskaper om motivene. Dette samarbeidet håper vi vil resultere i en spennende samling bilder som blir brukt av publikum. Øygarden Sogelag vil jobbe med digitaliseringen av disse bildene, og håper å ha de første på nett i løpet av året.

Bildedatabasen er viktig, riktig og nødvendig. Mye av Øygardens historie kan i dag best ses på bilder, derfor håper

vi mange bidragsytere møter opp på Rong Senter 20.oktober. Om du ønsker det, kan vi også komme hjem til deg for skanning av bilder. Ta gjerne kontakt med Øygarden Sogelag ved Thora Vik, på mobil: 979 77 822.



Foto: Fra venstre, styremedlem i Øygarden Sogelag Thora Vik, leder i Øygarden Sogelag Ivar Schjetne, og biblioteksjef ved Øygarden bibliotek Ritha Helland.

«RADIO NORTHERN STAR» OG «RADIOPRESTEN»



Sidan våren 2012 er Radio Northern Star/Radio Nordstjernen i gong frå P7 Kristen Riksradio sine studio på Straume i regi av Northern Star Media. Du finn stasjonen på nettet: <http://www.northernstar.no>

Radio Northern Star spelar popmusikk fra dei siste tiåra, ikkje bare «gamle og gode», men også B-sider, «flopper» og album-spor! Stasjonen spelar óg Skandinavisk, Country- og Gospel-musikk.

Dessutan sender stasjonen kristne program med ein økumenisk profil, med Johnn Hardangs *Vindu Mot Livet* i spissen i sendetida 1000–1030 lørdagsøndag.

Vindu mot Livet med Ola Bjorland går 1900–1930 mandag, onsdag, fredag.

Heile sendetida 0600–1200 lør-søn og 1900–1930 man-fre er avsett til kristne program. Stasjonen er førebels tospråkleg, men fleire språk er planlagt. Frå advent vert óg «Radiopresten» å høre på stasjonen.

Radio Northern Star/Radio Nordstjernen har ca. 150 lyttarar og 2000 treff på nettsidene. Talet er au-kande.

«Radiopresten» vert alt no sendt på lokalradio i Region Vest, Bergen og Nordhordland: Programmet kan takast imot på Vestlandskysten frå Gulen til Stord!



Tid for sendingane og frekvensar:
Søndag 1330–1400: Kystradioen Sotra FM 100.9/104.5/105.5(óg på stasjonane under:)

Torsdag 1830–1900: Kystradioen Bergen FM 88.6/100.3/103.3/107.5

Torsdag 1830–1900: Radio Osterøy FM 100.0/103.6/104.8/106.0/106.9

Føretaket sel reklame, men er takksam for di gavé til radioarbeidet! Bruk giro: 3628.53.35781 Sparebanken Vest.

Meir informasjon:
<http://www.stellamaris.no/radiopresten.html>
Óg via knapp på
<http://main.northernstar.no/index.php/no/>

SvennM



Den norske kyrkja i Øygarden

ØyNytt – kyrkjeblad for Øygarden

Ansværlig redaktør: Olav Martin Vik
I redaksjonen: Odd N. Thormodsæter,
Hogne Berland og Anders Vik

Kontingent: Min. kr 125,- innan
kommunen
Min. kr 175,- utanom
kommunen

Takkeannonsar: kr 100,-
Kontonr. 3628.07.02557
Trykk: Bodoni
Distribusjon i Øyg. Terje Sanden tlf.: 4561 3416

Kyrkjekontoret:
Besøksadresse: Rong senter, 2. etasje
Postadresse: Boks 144, 5331 Rong
Telefon: 5638 2240
Faks: 5638 2241
Vakttelefon prest: 5638 2244
E-post: kontor@kyrkja.net
Heimesider: www.kyrkja.net
Ekspedisjonstid: måndag–fredag: 0900–1500

Tilsette:
Kontorleiar: Kari Sandøy Rong
E-post: kontor@kyrkja.net

Barne- og ungdomskonsulent:
Hogne Berland
E-post: pedagog@kyrkja.net
Telefon: 9868 3424

Kantor: Anne Lise Grøm
E-post: kantor@kyrkja.net
Tlf. 5638 2245/9188 1208

Sokneprest: Svenn Martinsen
E-post: sokneprest@kyrkja.net
Tlf. 5638 2244/9506 7890

Diakonimedarbeidar:
Bjørg Blom
E-post: diakon@kyrkja.net
Tlf. 4781 6181

Kyrkjeverje: Olav Martin Vik
E-post: kyrkjeverje@kyrkja.net
Tlf. 5638 2243/9326 4400

Kyrkjetenar/kyrkjeg.arb. Blomvåg:
Kåre Kristoffersen, 911 05 197

Kyrkjetenar/kyrkjeg.arb. Hjelme:
Janesh Amena 958 23 472

Blomvåg kyrkje: 5638 7022
Hjelme kyrkje: 5638 8030

Råda:
Øygarden sokneråd og
Øygarden kyrklege fellesråd:
Leiar: Erling Vik

Beredskapsordning for Vesthordland prosti
Tlf. 954 83 655

Denne ordninga gjeld berre for tenester som ikkje kan venta, slik som dødsbod og støtte i kritiske situasjoner.

Beredskapsordninga gjeld på kvardagar frå **kl 1700 til kl 0800** neste dag. Laurdag og søndag gjeld ordninga heile døgeret. Vakttelefonen for Øygarden på dagtid er som før **5638 2244**.

TX VIKINGS TILBAKE!

I mai i fjor fekk Øygarden stifta bekjentskap med ein litt utradisjonell og hardtslåande gjeng. Mange ungdommar i Øygarden fekk ei oppleving for livet i møte med denne gjen- gen. 15. september i år var TX Vikings tilbake i Kulturhuset for å fortsette der dei slapp sist!

Tekst: Hogne Berland

Foto: Tore Sandberg/Drammens Tidende

TX Vikings er ei gruppe med sterke menn som turnerer både i Norge og i heile Europa. På showa dei har, gjer dei mange ulike «strongman»-stunts. Dei om lag 200 som var innom Kulturhuset denne kvelden fekk blant anna sjå steikepanner bli rulla sammen, telefonkataloger som vart rive i to og mykje steinknusing! Men desse stunta er ikkje det viktigaste for vikingane. Det viktigaste dei gjer er nemleg å fortelje andre om korleis Jesus har forandra livet deira. Mange av dei som besøkte Øygarden denne gongen, har ei vanskeleg fortid prega av omsorgssvikt og rusproblem. No er dei vorte fri frå dette og elskar å fortelje andre om korleis Jesus grep direkte inn i liva deira. «Jesus kan også forandre ditt liv!» er hovudbodskapen frå dei.

På alle showa dei held, inviterer dei fram til scena dei av publikum som ønskjer å ta i mot Jesus. Her kan dei få ei enkel bøn og bekjenna at dei ønskjer å følgja Jesus. Ofte opplever TX Vikings at veldig mange unge takkar ja til denne invitasjonen. Også denne kvelden i Øygarden går cirka 15 born og ungdommar fram til scena! La oss hugse på desse i bøn vidare framover!



Thure Eriksen er leiar for TX Vikings

ORDNING FOR HOVUDGUDSTENESTA - LOKAL GRUNNORDNING I ØYGARDEN:

Soknemøte for Hjelme og Blomvåg søndag 28.10.2012



Gudstenesteutvalet (soknerådet) har utarbeida ny lokal grunnordning for gudstenesta i Øygarden. Før soknerådet gjer endeleg vedtak og ordninga vert oversendt biskopen for godkjenning, skal ordninga høyrist i eit soknemøte.

Det vert med dette kalla inn til soknemøte søndag 28.10.2012 umiddelbart etter gudstenesta i Blomvåg kyrkje.

Stikkord som medverknad og eigarskap har fokus i guds- tenestefornyinga.

Framlegg til lokal grunnordning kan lesast på www.kyrkja.net

Erling Vik
Leiar i Øygarden sokneråd

Illustrasjonsfoto: ONT

BARNE- OG UNGDOMSSIDER

- Jesus i kvardagen

Tysdag 4. september starta Gospel Teens opp att med øvingar i Blomvåg kyrkje.

Tekst: Ranja B. Sjøstrøm

Foto: Olaug M. Rong og Ranja B. Sjøstrøm

Gospel Teens, Øygarden er eit gospelkor for ungdommar frå 5.-klasse opp til 18 år. Annan kvar tysdag øver me i to timer frå 17.30–19.30 i Blomvåg kyrkje.

– Me har sjølv sagt mykje song og musikk, men vi set og av tid til andakt, bøn, litt mat og sosialt samvær, seier Olaug M. Rong, Kate Solsvik, Åse-May Solsvik Blom, Ranja B. Sjøstrøm og Gustav Landro som er korets leiarar.

I koret er me opptekne av at ungdommane skal få bli kjent med Jesus, utvikle songglede og byggje venskap. Me har fokus på at alle skal bli sett og at ingen skal vera åleine. Difor avsluttar me øvingane med å seie noko positivt om den me står attmed i ein stor ring.

I haust øver me desse tysdagane: 4. sept., 18. sept., 2. okt., 16. okt., 30. okt., 13. nov., 27. nov. og 11. des. Me har og fått to songoppdrag: 11. november i Salem og 18. november i Hjelme kyrkje. Om du likar å syngje vil me gjerne sjå DEG på neste øving og ta gjerne med ein ven!

18 flotte ungdommar på første øving denne hausten! Her syng dei «Lær oss å gå».

Fem kjekke gutter er med i koret og dei vil gjerne at endå fleire gutter blir med. Frå venstre: Ole-Martin Solsvik, Anders Kårbo Rong, Bjarte Sæle, Eskil Sjøstrøm og Petter Rong.



Populær klubb på Vik bedehus

Yngres på Vik bedehus samlar annakvar fredag mellom 15–30 born frå 5.-klasse og oppover. Dei fleste går i 5.–7.-klasse, men nokon held fram også etter at dei har begynt på ungdomsskulen.

Tekst og foto: Olav Martin Vik

Yngresen på Vik er populær. Det er andakt, leikar og konkurransar og sal av pizza og brus. I haust er det Yngres desse fredagane framover: 2.11., 16.11., 30.11. og 14.12 frå kl. 19.00 til 20.45. Leiarar er: Erling Vik, Gerd Lillian Vik, Roy Torsvik og Olav Martin Vik. Dette året er også Christopher Vinje Lihaug med. Han er konfirmant dette året og det er flott at han vil vera med som leiar!

I haust har Janesh Amenya, Hogne Berland og Silje Vik hatt andakt på Yngresen.

Oppstart på KRIK

Fredag 7. september starta KRIK oppatt etter ein lang sumarferie. Denne dagen møtte rundt 50 ungdommar opp, ein god del for første gong. Vi stilte tre spørsmål til fem av dei for å høyra kva dei tenkjer om KRIK.

Tekst og bilete: Ingrid Blom og Silje Vik

Namn: **Mari Holmen**

Klasse: 9. kl.

Har du vore på KRIK før? -Nei

Kvífor kjem du på KRIK?

-Aktivitet med andre ungdommar og for å høyra om Jesus.

Kva synest du er den kjekkaste idretten/leiken? -Volleyball



Namn: **Rebecca Kinsey Ekerhovd**

Klasse: 9. kl.

Har du vore på KRIK før? -Nei

Kvífor kjem du på KRIK? -Møte folk og bli kjent med andre

Kva synest du er den kjekkaste idretten/leiken? -Veit ikkje



Namn: **Viktoria Aleksandra Hellesøy**

Klasse: 9. kl.

Har du vore på KRIK før? -Ja

Kvífor kjem du på KRIK? -Møte andre

Kva synest du er den kjekkaste idretten/leiken? -Veit ikkje

Namn: **David Amenya**

Klasse: 8. kl.

Har du vore på KRIK før? -Nei

Kvífor kjem du på KRIK? -Fordi eg er kristen og glad i sport

Kva synest du er den kjekkaste idretten/leiken? -Fotball

Namn: **Am Sirichai Pattamuchuti**

Klasse: 8. kl

Har du vore på KRIK før? -Nei

Kvífor kjem du på KRIK? -Kjøpe brus og vera med venner og for å høyra om Jesus.

Kva synest du er den kjekkaste idretten/leiken? -Fotball

Glimt frå Sprell Levande!

Søndag 30. september gjekk nok ei Sprell Levande-gudsteneste av stabelen i Blomvåg kyrkje. Det var Søndagsskulens dag og i tillegg var det utdeling av Biblar til 5. klassingane. Mange born deltok i gudstesta som alt frå forsongarar til tekstslesarar. Sjekk ut litt bilder frå gudstenesta!



Søndagsskuleborna syng!



Borna viser fram dagens Supersetning som alle i kyrkja måtte læra seg.

Alle foto: Nils Arne Lavik



Lystening under forbøna.



5. klassingane som fekk Bibel!



Kommunestyret i Øygarden har godkjent planane for utviding av gravplassen i Hjelme. I praksis betyr det bygging av ein ny gravplass.

Kommunestyret har gjort vedtak om stegvis utbygging av den nye gravplassen. Det er Øygarden kommune som står for planarbeidet, finansiering og bygging. Arkitekt er Riss Landskap.

Kyrkjeverja i Øygarden har i sine vurderingar bedt om at gravplassen vert ferdigstilt ved årsskiftet 2013/2014. Etter det vurderer kyrkjeverja situasjonen som tidskritisk. Berre så langt i år er det brukt 24 graver(inkl. uttak av dobbelgrav) i Hjelme. Det er att 70 brukbare graver i det siste feltet.

Kommunestyret har så langt ikkje finansiert utbygginga. Det vert gjort når


tilboda på arbeidet ligg føre og kostnaden er kjent. Det må også gjerast detaljarbeid og planane skal handsamast i Bjørgvin bispedøme og i Øygarden kyrkjelege fellesråd.

Situasjonskartet under viser eksisterande gravplass og ny gravplass fullt utbygd. Kommunestyret sitt vedtak gir ei avgrensa utbygging med til saman 307 graver, noko som dekkar behovet for 10 år. Dei mørkegrøne felta i kartet er berg, knausar, utmark og skog. Rutefelta viser grav- og urnefelt. I området merka 5 vert det nye driftsbygninga (framtidig utbygging).

Situasjonskartet og utbygging av etappe 1:

1. Eksisterande gravplass.
2. Ny parkeringsplass.
3. Gravfelta som kommunestyret har vedteke skal byggjast i etappe 1. Mellom anna er det planlagt 37 graver i søre kant av eksisterande gravplass.
4. Ny prosesjonsveg frå kyrkja til gravplassen (kjørbar for bårebil).

Situasjonskart for gravplassen i Hjelme



«Jeg har vandret med Jesus» 90 år

Av Nils-Petter Enstad

Det var ei ulukke av den typen som ikkje skulle skje. Ein dråpe svovelsyre på avvegar. Den treff ein ung arbeidar på Norsk Hydro sitt anlegg på Rjukan i auget. Guten får mein resten av livet, men livet går likevel vidare både for han og kollegaene hans.

Den unge gutens fulle namn var Olaf David Welander, og var med i Frelsesarmeens kyrkjelyd på Rjukan. I 1915 reiste han, 19 år gammal, til Frelsesarmeens krigsskole, vart ordinert til teneste og hadde ei rekke sentrale oppgåver i Frelsesarmeens teneste gjennom dei neste 40 åra. Litterært og språkleg evnerik som han var, vart han allereie i 1917 beordra til Krigsropets redaksjon. Seinare vart han privatsekretær for kommandør Lucy Booth-Hellberg, som var landsleiar i Frelsesarmeen i Noreg på 1920-talet, og i den funksjonen også hennar tolk. David Welander var også musikalisk gåverik og spelte fleire instrument. Han skreiv både tekst og melodi til fleire songar, mellom anna den han skreiv i 1922: «Jeg har vandret med Jesus i mørke og lys».

Sjølv skal han ha sagt at denne songen hadde inga bestemt forhistorie. Den var «eit enkelt vitnesbyrd», som han sjølv sa. Likevel er det vanskeleg å sjå opningslina i songen uavhengig av ulukka han var utsett for som ung, og som kosta han synet på det eine auget. Etter nokre år vart det skadde auget fjerna ved ein operasjon og han fekk glasauge. Han begynte også tidleg å bruke dei mørke brillene som vart eit slags kjenneteikn på han. Desse brukte han dels for å skjule arra frå uhellet, men også for å spare det friske auget. Med svært få unntak bruker han desse brillene på alle bilete som finst av han.

David Welander levde frå 1896 til 1967. Han hadde ei rekke sentrale stillingar i Frelsesarmeens, blant anna som feltsjef, krigsskolesjef, og sjefssekretær. Seinare vart han knytt til Norea Radio, og var også i eitt år konstituert generalsekretær for Blå Kors.

Songen med det enkle vitnesbyrdet er spelt inn på plate ei rekke gonger, blant anna med Fanny Elsta og Karsten Ekorness. Rune Larsen, duoen Wenche Marthinsen og Kjell Fjalsett og gruppa «De syngende husmødre» har også spelt den inn.

Aret etter at han skreiv «Jeg har vandret med Jesus», skreiv David Welander sin mest kjente song, nemleg «Navnet Jesus blekner aldri». KPK

om undersøkinga. Det er Stiftelsen Kirkeforskning (KIFO) ved Ida Marie Høeg, Kirkelig utdanningssenter i nord (KUN) ved Bernd Krupka og IKO - Kirkelig pedagogisk senter ved Egil Morvik og Dag-Eirik Lannem. Prosjektet er finansiert av Kyrkjerådet i Den norske kyrkja. I løpet av hausten vil resultata frå undersøkinga bli analysert og publisert, melder KIFO. KPK

Spørjeundersøking om tida etter konfirmasjon

Våren 2012 har konfirmerte ungdomar i nesten 200 kyrkjelydar i Den norske kyrkja delteke i ei nasjonal undersøking om tida etter konfirmasjon.

Til saman vart fleire tusen ungdomar spurde om å svare på spørsmål om kva dei meiner om kyrkja sine tilbod til ungdom og kontakten med kyrkja i etterkant av konfirmasjon. Målet med undersøkinga er å innhente kunnskap om ungdomar sitt forhold til kyrkje og religion, og kva som motiverer for å halde fram i kyrkjas ungdomsmiljø etter konfirmasjon. Undersøkinga er ikke berre retta inn mot ungdom som er aktive i kyrkja. Ho er i like stor grad for ungdom som av ulike årsaker ikke har hatt kontakt med kyrkja etter konfirmasjon.

Nesten 1200 unge har fylt ut spørje-skjemaet. Tre institusjonar samarbeider

25 fleire misjonærar i NLM

Til hausten aukar Norsk Luthersk Misjonssamband (NLM) talet på misjonærar med 25, opplyser leiar for NLM Utland, Hjalmar Bø, til Utsyn.

Dei siste åra har det til ei kvar tid vore omtrent 120 NLM-misionærar ute på misjonsfelta. Dei siste åra har cirka 40 misjonærar reist heim kvart år, medan eit tilsvarande tal har reist ut. Men i år blir det altså fleire som reiser ut enn som reiser heim.

Bø seier at ein har strevd ei tid med å få nok misjonærar til Etiopia, men at ein no sender meir enn ti vaksne til landet, slik at bemanninga der blir mykje betre. Det blir også sendt nye misjonærar til Bolivia, Afrikas horn og til Indonesia.

Over nyttår reiser ein ny misjonær-familie til Kina. Det blir også auke i staben i Elfenbeinskysten. KPK

Illustrasjonsfoto: ONT



ENDRINGAR I GRAVFERDSFORSKRIFTA

Kyrkjeverja si saksframstilling og framlegg til uttale til høyningsforslag til endringar i gravferdsforskrifta

Saksframstilling

Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet har sendt på høyring endringar i gravferdsforskrifta.

Kyrkjeverja listar opp dei viktigaste endringane/punkta i forskrifa.

Kyrkjeverja kommenterer dei punkta som ein bør ha særskilt uttale til.

Kapittel 3. Tilpasning til religiøse og livssyndmessige minoritetar

- Kyrkjegard endrar namn til gravplass.
- Ved nyanlegg, utviding og vesentleg endring av gravplassar skal ein vurdera tilrettelagde graver for religiøse og livssyndmessige minoritetar.
- Eventuelt fråvika kistekravet ved gravlegging når slikt ynskje er grunngjeve i avdøde sin religion eller livssyn

Merknad:

Kyrkjeverja meiner at ein ikkje skal fråvika kravet til kiste ved gravlegging. Dette har med omsynet til omgjevnadane å gjera og til tilsette som arbeider på gravplassen og har med sjølve gravlegginga å gjera.

- Dei etterlatne sin mulighet til å vera tilstades under sjølve kremasjonen.

Kapittel 4. Tilpasningar til plan- og bygningslova

- Klargjering av ansvarsdeling ved anlegg av ny gravplass og planprosessen. Her vert det presisert at kommunen sjølv har ansvar for å regulera avsett areal til gravplass.

Kapittel 5 Inndeling av gravplass - SOSI-standard

- Standarisering av identifiseringa av gravplassar. Landsdekkande digital modell.

Kapittel 6. Universell utforming

- Krav til universell utforming og tilgjenge til gravplassane, ref. Plan- og bygningslova.

Kapittel 7. Tekniske endringar

- Det vert gitt høve for kyrkjelag fellesråd til å stenga enkeltgraver, delar av ein gravplass eller heile gravplassen permanent dersom den ikkje oppfyl-

lar krava til jorddjupne grunnvannstand.

- Bispedømerådet skal godkjenna drenering av ein gravplass som allereie er tatt i bruk.
- Kravet til jordoverdekking av kiste vert redusert til 0,8 m. 0,3 m jord på alle sider og under kista.
- Det vert mogeleg å fravika gravstolleik ved barnegraver. Skal godkjennast av bispedømerådet.

Kapittel 8. Gravlegging

- Kyrkjelag fellesråd sitt vedtak om tidspunkt for gravlegging kan ikkje påklagast.
- Det vert presisert at dei som har tehesta på gravplassane som hovudregel skal vera tilstades ved kistegravlegging.
- Det vert presisert at det berre er levningar etter menneske som kan gravleggjast på ein gravplass.

Kapittel 9. Anonym og namnet minnelund

- Namnet Minnelund vert regulert inn formelt og det vert gitt høve til gravlegga anonymt i minnelunden.

Kapittel 10. Gravminner

- Omtale av dimensjonar, fundament, godkjenning, plantefelt.

Kapittel 11. Helse, miljø, tryggleik

- HMS, kremasjon og attvinning av metall. Urner skal vera forarbeida av organisk materiale.

Kapittel 11 (same nummer)

Retten til å fråvika forskrifa

- Kyrkjelag fellesråd vert gitt myndigkeit til å fråvika forskrifa, der det er opna opp for dette i forskrifta. Dette er enkeltvedtak med klagerett vidare til Bispedømerådet.
- Ein kan også fråvika forskrifta i godkjente vedtekter for ein gravplass.

Kapittel 12. Økonomiske og administrative konsekvensar

- Utgifter til anlegg, drift og forvaltning av gravplass skal utgreiaast av kommun-

nen. Kyrkjelag fellesråd har forvaltningsansvaret for gravplassane.

- Departementet meiner at endringane i forskrifta ikkje medfører noko stor meirkostnad.

Kapittel 13. Oversikt over forslaga til endringar i gravferdsforskrifta.

Kyrkjeverja si vurdering:

Forskrifta vert endra som følgje av utviklinga etter at forskrifta vart gjort gjeldande, få ordlyden i samsvar med praksis samt ta omsyn til kyrkjeforliket som omtalar m.a. minoritetsgrupper. Kyrkjeverja meiner at det ved utarbeiding av forskrifta er vektlagt å leggja til rette for at gravferdsforvaltninga som er tillagt kyrkjelag fellesråd kan vidareførast på ein god måte, der ein også tek omsyn til minoritetsgrupper som også vert tillagt den same gravferdsforvaltninga.

Endringane klargjer ansvarsdeling som t.d. mellom kommunen og kyrkjelag fellesråd når det gjeld anlegg, drift og forvaltningsansvar for gravplassane.

Endringane synleggjer også kyrkjelag fellesråd sitt ansvar og retten til dispensera frå forskrifta.

Kyrkjeverja ser få store utfordringar med forvaltninga av gravplassane som følgje av endringane det kjem forslag om.

Kyrkjeverja kan ikkje tilrå at kravet til kiste ved ordinær gravlegging vert endra og grunngjev dette i omsyn til omgjevnadane, ein lang praksis for bruk av kiste og tilhøvet til tilsette som arbeider på gravplassane og er med ved sjølve gravlegginga.

Kyrkjegarden endrar namn til gravplass, men det er enno høve til å nyttja namnet kyrkjegard. Kyrkjegarden, no gravplassen, heng for mange saman med kyrkjebygget og ein kan i framtida t.d. omtala gravplassen i Blomvåg som Blomvåg kyrkjegard, når ein konkret namngir gravplassen.

Framlegg til uttale skal handsamast i Øygarden kyrkjelag fellesråd sitt møte 31.10.2012.

Kjøp kjapt, trygt og billig

KIWI mini pris

Søre Sæle

Tlf. 56 38 71 20

Mand – fred kl.08.00 - 22:00

Lørdagar 08:00 – 20:00

**Det er vi
som bygger Øygarden**



Tlf. 56 38 28 00 - Fax 56 38 28 09

Adr. Pålsneset, 5337 Rong

www.th-bygg.no

Øygarden Cafe og Catering Tjeldstø

Har lokale til ca. 100 personar.
Arrangerer bryllaup,
konfirmasjonar og andre
tilstellingar.

Kan levera mat til alle
anledningar.
Middag, koldtbord og snittar.

Tlf. 92 54 45 69



Åsane Begravelsesbyrå AS
v/Johannes Blom

Vi står til teneste med alt vedr. gravferd

Tertnesvegen 99, 5114 TERTNES
Døgnvakt tlf.: 5518 9000

Vest Modul AS
5336 Tjeldstø

- Tilbygg
- Nybygg
- Rehabilitering
- Montering og utleige av brakker



Normann 958 19 905

Ingvard 958 10 967

Trelastlager Tjeldstø



Solstrands Begravelsesbyrå



Herman Fossgrt. 11, 5007 Bergen
Telefon 55 55 16 16 hele døgnet
E-post: post@solstrands.no
Vår erfaring - din trygghet



Vi kan tilby 12 rørs solhimler
eller solseng med høy kvalitet.

Du ringer - vi bringer!

Vi forhandler også solariumskrem og -briller

B-P-S Solutleige
v/Arvid Rong 5337 Rong
Tlf: 56 38 74 54 Kved: 56 38 73 22
Mobil: 928 41 790
E-mail: post@oygarden-elektriske.no

Øygarden
elektriske as

Tlf.: 56 38 24 40
Fax: 56 38 24 41
Mobil: 928 41 790

E-mail: post@oygarden-elektriske.no

Sotra Omegn
BEGRAVELSESBYRÅ
- En del av Koba Christensen gruppen

Ditt begravelsesbyrå på Sotra.

Oppfølging og veiledning i en tung og vanskelig tid.

Vi dekker hele Fjell, Sund og Øygarden

TLF 56 32 08 90 hele døgnet

Skjennet 4, 5353 Straume (samme hus som Ligningskontoret)

SparebankenVest

– satsar på Vestlandet

- Ei rein og skjær handleglede ved havgapet!

EUROSPAR

Fisk - og ferskvarespesialisten	Fristende frukt og grønt
Innholdsrik betjent ostedisk	Nydelige nystekte bakervarer
Velsmakende varm mat	Herlig salat - og fruktbar

Måndag - fredag 8-22, Laurdag 9-20

EUROSPAR Rong tlf. 56 38 71 40

- Snitter
- Koldtbord
- Varmmat
- Baguettar
- Koldtallerken

Rong Catering a/s

Tlf.: 56 38 74 54

Vi formidlar blomster til innland og utland



Eigne prisar for pensjonistar
Langope torsdag
TIMEBESTILLING 56 38 73 90

-din el-kontakt

VESTGAR ELEKTRO

Postboks 30, 5331 Rong

T: 56 38 94 73

E-post: post@vestgarelektr.no
www.vestgarelektr.no

Torsvik
ELEKTRO

Installasjon industri, bolig
Data- og telenett
Alarmanlegg
Antenne/parabolantenn
Elektroverksted
Elektrisk forretning

Tlf. 56 38 50 00
Vakttelefon: 922 34 062

www.torsteinsvik.no

Øygarden hud &
kroppspiele skifter
navn til

LT hudpleie

Og har flyttet til
Ågotnes helsehus.
Følg oss på facebook.
Velkommen til nye lokaler!
Tlf 5638 9515



- Stort utval av godbiter fra vårt kjøkken
- Moderne bilverksted m EU/kontroll
- Reparasjon av alle bilmerker
- V askehall
- Kaffiaftale
- Gass



BLOM
SERVICESENTER AS

5331 RONG - tlf. 56 38 72 80

Godkjent bilverksted

Bokhandelen som setter kristen
litteratur og musikk i fokus



Bok & Media* Vestbok
Vetrlidsallmenningen 1 5014 Bergen
Tlf: 55 31 79 63
www.vestbok.no

KYRKJELEGE HANDLINGAR

TIL LUKKE

70år

5.nov Asbjørn Vik, Helgebrekka
 17. nov Ingolf Ræstad, Toftosen
 24. nov Olav Robert Oen,
 Krokøyen

75 år

27. okt Torbjørg Helle,
 Rotevågsvegen
 28. okt Norunn Dagnhild Landro,
 Rauholevegen
 4. nov Hans Storedale, Hellesøy
 5. nov Rakel Marie Torsvik,
 Raudhammaren
 28. nov Lilly Maria Ådlandsvik,
 Kvalen
 3. des Inga Reidun Hatten,
 Sturevegen
 6. des Marie Pernille Skarveland,
 Vestrevegen

80 år

26. okt Carsten Leon Nygaard,
 Torsvikhøgda
 5. des Arthur Einar Knarvik,
 Garnesvegen



DØYPTE

Blomvåg:

Vemund Vik, Vasskarhaugen
 Tryg Alexander Dale Oen, Særberget
 Emil Semshaug Kuven, Gjetlingavegen
 Meline Kårtveit Hauge, Skjoldingsneset
 (Fjell kyrkje)
 Simen Sæle, Blomåsen
 Alvilde Johnsen, Jervhella
 Angel Irene Fjæreide, Flotevegen
 Lily Olea Paulsen Solsvik, Knappestigen

Hjelme:

Karna Harholdt Fjeldstad, Fjell
 Julian Andre Falkenhaugen-Flåten,
 Skjoldingsneset
 Anne Sofie Mjeldestad Heggholmen,
 Tjeldstø

DØDE

Blomvåg:

Bodil Gerda Eriksen, Rong f. 1935
 (Landro kyrkje)
 Ingrid Ruth Finne, Bergen f. 1921
 Nils Bertin Rong, Moldbrekkene f. 1937
 Lilly Marie Sæle, Tednebakkane f. 1917
 Olav Nilsen, Solvanghøyen f. 1939
 Harald Magnus Solvik, Fagrebakkane,
 f.1939
 Hans Andreas Strandheim,
 Tollbuveien, f.1930

Hjelme:

John Kåre Heggøy, Tueveien f. 1945
 Herman Bertin Alvheim, Bergen f. 1917
 Anna Alida Fjeldstad, Tednebakkane,
 1923



GUDSTENESTER

28. okt Blomvåg kyrkje kl. 11:00

Bots- og bønedagsgudsteneste
 v/Svenn Martinsen
 Allmenn skriftemål.
 Soknemøte etter gudstenesta.

04. nov Hjelme kyrkje kl. 11.00

Høgmesse v/sokneprest Svenn
 Martinsen (Allehelgens dag).
 Taler frå NLM. Song ved
 Øygarskoret. Nattverd.

11. nov Blomvåg kyrkje kl. 11:00

Høgmesse v/Svenn Martinsen.
 Søndag for dei forfulgte. Nattverd.

18. nov Hjelme kyrkje kl.17:00

Famile-/ Lekmannsgudsteneste.
 Andakt ved Hogne Berland.
 Song ved Gospel Teens.

25. nov Blomvåg kyrkje kl. 11:00

Høgmesse v/Svenn Martinsen. Song
 ved Øygarskoret. Nattverd.

02. des Hjelme kyrkje kl. 11:00

Familiegudsteneste
 v/Svenn Martinsen.
 Song ved Barnekantoriet.



Bergen Omegn
BEGRAVELSEHJELP
POLDEN

- vi utfører alt det praktiske ellers tilrettelegger
 for pårørende som ønsker å gjøre noe selv

Døgntelefon: 55 21 44 50 • mobil: 917 51 700
www.bergenogomegn.no

AVD. BERGEN
 Teatergt. 20
 5010 Bergen
 Tlf: 55 21 44 50

AVD. SOTRA
 2. etg på Shellstasjonen
 Sartor, 5353 Straume
 Tlf: 55 21 44 50

**BEGRAVELSESBYRÅENES
 FORUM**

MISTET

Noen ganger mister vi en paraply eller en hanske.
 Andre ganger opplever vi å miste noe mye mer
 alvorlig. For disse tapene finnes Kirkens SOS,
 mennesker med erfaring i å lytte til og støtte andre.
 Ring oss anonymt når som helst på 815 33 300 eller
 kontakt oss på kirkens-sos.no. **Vi er her. Alltid.**

Kirkens SOS

Returadresse:
ØYNYTT
Boks 144
5331 RONG

B posten Øy Nytt
DISTRIBUERAST AV POSTEN NORGE NOREG P.P. PORTO BETALT

Konfirmantane arrangerer innsamlingsaksjon!

Den 27. november kan du rekne med besøk på døra dersom du bur i Øygarden. Då går årets konfirmantaksjon av stabelen og i år som i fjar skal konfirmantane samle inn pengar til KRIK-arbeid i Aust-Afrika. Utstyrt med bøsser og godt humør håper dei på å slå rekorden frå i fjar på 31000 kroner!

Tekst: Hogne Berland
Foto: Hogne Berland og KRIK

KRIK si internasjonale avdeling CHRISC driv eit stort arbeid i dei Aust-Afrikanske landa Rwanda, Uganda, Tanzania og Kenya. I desse landa engasjerer CHRISC meir enn 22000 born og unge i meiningsfulle fritidstilbod. I tillegg driv dei med helsearbeid, utdanning og sjølvsagt forkynning om Jesus. Ungdommane som deltar på CHRISC sine aktivitetar har ofte ingen andre fritidstilbod. CHRISC skapar på denne måten eit alternativ til eit liv med narkotika og gjengkriminalitet. På treningane møter borna trygge og omsorgsfulle leiarar.

KRIK i Noreg har i mange år arrangert ein innsamlingsaksjon på hausten der pengane går til CHRISC sitt arbeid. Også denne hausten vil det fleire stader i landet vera konfirmantar i aksjon for at mange ungdommar i Aust-Afrika framleis skal få moglegheit til dette flotte fritidstilbodet.

Den 27. november kan altså alle i Øygarden få vera med og gje ei gave til dette viktige arbeidet når konfirmantane kjem på døra. Vi håper akkurat DU vil ta godt i mot konfirmantane når dei kjem! Spør dei gjerne meir om kva pengane går til!



Ungdommar som ber før ein fotballkamp i Tanzania.